

Emnerapport (hausten 2015)

DIDANOR1/DIDANORAN1

Faglærar si vurdering av gjennomføring

Studentane har fått 12 dobbeløkter og 2 fellesøkter saman med dei andre språkfaga på HF.

Strykprosent og frafall: Det var i alt 17 studentar på dette kullet, 15 på DIDANOR1 og to på DIDANORAN1. Alle fullførte.

Karakterfordeling: Karakterfordelinga på DIDANOR1 var D: 1, C: 5, B: 7 og A: 2

På DIDANORAN1 vart det B: 1 og C: 1.

Informasjon om studiet har studentane fått via Mi Side og stundom via e-post i tillegg til munnleg på forelesingane.

Studentane på DIDANOR1 har dette semesteret hatt ei lærebok som pensumbok i tillegg til artikkelpensum i fellesdelen. DIDANORAN1 har hatt den same læreboka, men i tillegg hatt nokre fagartiklar og ikkje fellespensum.

Faglærar si vurdering av rammevilkåra

Undervisninga har føregått i ulike lokale på Sydneshaugen skole, og det har fungert greitt. Det har i alt vore tre faglærarar inne på kurset. I tillegg har det vore to ulike fagpersonar som har førelese på fellesemnet og noko samarbeid med akademisk skriving.

Faglærar sin kommentar til student-evalueringan(e)

Studentane fekk utdelt evalueringsskjema på den siste forelesinga, der 11 av 17 studentar var til stades. To studentar har gått på DIDANORAN1, men undervisninga har vore mest tilrettelagd for DIDANOR1. Dei to DIDANORAN-studentane har også fått oversikt NORAN115, litteratur og tekst i eit andrespråksperspektiv, og tilbod om å følgja med på aktuelle undervisningsøkter der viss dei ville av di me ikkje har kunna gi eit fullgodt kurstilbod for berre to studentar.

Frammøte: Tre av studentane svarar at dei har følgt 100% av undervisninga, medan åtte svarar 75%.

Om melding ved fråver: Seks studentar synest det er bra at dei må meld frå når dei ikkje kan møta til undervisninga, for tre spelar det inga rolle, medan to er negative.

Undervisninga: Ein student er svært nøgd med undervisninga, og ein er verken nøgd eller misnøgd, medan ni svarar at dei er nøgde.

Når dei vert bedne om å utdjupa noko dei er spesielt nøgde med, seier dei mellom anna:

- Mange relevante eksempel frå praksis
- Studentane er aktive og blir aktivisert på forelesingane
- Engasjerte forelesarar
- Ryddige og strukturerte gjennomgangar
- Gode forklaringar, eksempel og konkrete tips
- Passe forhold mellom forelesing og seminar
- God breidd

Når dei vert spurde om kva som kan gjerast betre, seier dei mellom anna:

- Få melding på Mi Side når tilbakemeldingane til semesteroppgåva er klare
- Meir fokus på undervisningsopplegg og korleis ein kan introdusera eit nytt tema utan forelesing
- Tidlegare og tydelegare informasjon om kva og korleis rundt mappeoppgåvane
- Meir og tidlegare informasjon om undervisningsverkstadene
- Tydelegare raud tråd i undervisninga
- Eit meir konkret læringsutbytte
- Misnøye med å måtta skriva to mappeoppgåver
- Lite nytte av undervisningsverkstaden
- Det vert hevdat at den andre mappeoppgåva burde koma etter at alle emna var gjennomgått

Organisering og informasjon: Ein student er svært nøgd med organisering og informasjon om undervisninga, ein er misnøgd, tre er verken nøgde eller misnøgde, og seks er nøgde.

Omfang av pensum: Ni av studentane svarar at omfanget av pensum er passe, medan to meiner det er for stort.

Vanskegrad av pensum: Alle svarar at vanskegraden på pensum er passe, men det vert likevel understreka at det pensumet som er spesielt tilrettelagt for DIDANORAN, er for lite krevjande og inneheld for generell teori.

Samanheng med andre emne i PPU-løpet: Seks av studentane seier at dei synest samanhengen mellom dette emnet og andre PPU-emne, er ganske god, ein endå til at han er svært god, medan tre studentar svarar at dei ikkje veit.

Eit par studentar utdjupar og seier det er god samanheng med PEDA101, og at det som vert teke opp generelt der, vert konkretisert på DIDANOR. Ein annan meiner det vert mykje gjentaking.

Skrivehjelp og samarbeidet med akademisk skriving:

Dette semesteret fekk me også i stand eit samarbeid med akademisk skriving. Dette opplegget var dels teoretisk knytt til skriving og dels praktisk knytt til deira eiga skriving av mappeoppgåver. Evalueringane av dette tilbodet er nokså delt mellom dei som synest det var flott, og dei som har sett lite nytte av det. Nokre hevdar at tilbakemeldinga på eigne tekstar frå

fagdidaktikarar har vore super, og at det gjerne er meir nyttig å få sjå gode modelltekstar enn å ha eit eige skriveopplegg

Andre kommentarar:

Den eine DIDANORAN-studenten som har delteke på evalueringa gjev uttrykk for at å følgja DIDANOR-kurset ofte ikkje har vore like enkelt, av di det faglege grunnlaget i norsk ikkje er godt nok når faget dei har kompetanse i, er norsk som andrespråk.

Nokre studentar er inne på at det er for mange innleveringar i praksisperioden.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

Eksamensresultata syner at studentane samla sett har klart eg bra gjennom dette semesteret, og evalueringa frå studentane til både undervisning og pensum må seiast å vera gode. Vekslinga mellom forelesing og seminar som ein del av undervisninga, ser ut til å ha fungert etter intensjonen. Pensum vart revidert til dette semesteret, og ei lærebok vart innført som hovudbok på dette kurset. Det ser ut til å fungera greitt. Det ser også ut til at studentane i stor grad ser samanheng mellom dette emnet og dei andre PPU-emna. Det er nokre kritiske kommentarar til informasjon og omfanget av mappeoppgåva, og til informasjon og utbyte av undervisningsverkstaden. Undervisningsverkstaden vert hovudkoordinert av ein av fagdidaktikarane på språk, men delkoordinert av den emneansvarlege på kvart kurs. Dette semesteret vart informasjonen frå hovudkoordinatoren send vidare på eit tidspunkt då emneansvarleg var bortreist, og det førte til at studentane fekk noko sein beskjed om tidspunkta. Sjølv om nokre studentar synest lite om å måtta skriva to mappeoppgåver til eksamen, meiner me faglærarar at det er ei god eksamensordning som gjev studentane høve til å visa breidd. Samarbeidet med akademisk skriving skapte ein del ekstra logistikkvanskår, og fleire studentar har også masterbakgrunn og er vel kjende med oppgåveskriving frå før. Det var mykje bra med å få impulsar frå akademisk skriving, men me meiner likevel at samarbeidet med akademisk skriving i staden for å integrerast i kurset, for framtida kan gjevast i form av informasjon og oppmoding om individuell kontakt om skriverettleiling. Ut over dette ser me ingen grunn til å gjera store endringar på det opplegget me har no før dei nye emneplanane må lagast for PPU til haustsemesteret 2017.

Ragnhild Lie Anderson

Emneansvarleg hausten 2015